



Arvid Løne
Strandavegen 737
5710 Skulestadmo

Dykkar ref.

Vår ref.
24/10450 - 25

Dato
01.07.2026


Vedtak; krav om tilbakeføring av tiltak - gbnr. 66/8

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 28.2.2023, heimel i forskrift om nydyrking §§ 1,2 og 4 fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997, og forurensingsforskriften kapittel 4, vert det gjort følgjande vedtak:

VEDTAK:

Voss herad krev følgande tilbakeføring av tiltak utført på gbnr 66/8

- Avslutning mellom fyllingsfot gbnr 66/8 og gbnr 66/12 registrert som ferskvatn, skal vere minimum 6 meter jf. forskrift om nydyrking § 6, som vist på kartskisse (blå strek, figur 1).
- Ca 230m³ utfylt areal vest på kartet, (figur 1), raud strek kan behaldast. Øvrige massar aust for raud strek skal fjernast og området tilbakeførast.
- Slam som er tilført våtmarksområde på gbnr 66/12 skal fjernast.
- Frist for å gjennomføre tiltaket er 15.september 2026.



Figur 1 Fyllingsfoten kan starte ved raud strek. Om lag 230m² kan behaldast so|

Klagerett: Jamfør forvaltningslova §§ 27-36 kan dette vedtaket påklagast. Eventuell klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast Voss herad seinast 3 veker etter at klagaren er gjort kjend med vedtaket. Nærare orientering kan ein få ved å kontakte Voss herad

DOKUMENT I SAKA

Dok 24/10450 Klage på varsel om krav om tilbakeføring - gbnr. 66/8
Dok 24/10450-23 Varsel om krav om tilbakeføring, ulovleg tiltak gbnr 66/8
Dok 24/10450 22 Synfaring gbnr 66/15, 7. mai 2026
Dok 24/10450 21 Arbeid med dyrkingsprosjektet: ny frist sett til 10. juni 2026
Dok 24/10450 20 Oppfølging av vedtak om tilbakeføring av nydyrking gbnr. 66/15
Dok 24/10450 19 Søknad - nydyrking gbnr. 64/5 - 302455 og plassering av overskotsmassar
Dok 24/10450 18 Søknad - nydyrking gbnr. 64/5 - 302455
Dok 24/10450 16 Plan for tilbakeføring av nydyrkingstiltak gbnr. 66/15 frå NLR
Dok 24/10450 15 Tilbakeføring av nydyrking utan løyve gbnr. 66/15 og 64/5
Dok 24/10450 14 Varsel om vedtak av tilbakeføring av areal
Dok 24/10450 13 Forslag til utbetring
Dok 24/10450 12 Innspel til tiltak for utbetring av dyrkingsprosjektet på gbnr. 66/15
Dok 24/10450 10 Synfaring i samband med varsel om mogleg feil i dyrkingsprosjekt
Dok 24/10450 9 Melding om mogleg feil i dyrkingssak.
Dok 24/10450 8 Søknad om godkjenning av plan for nydyrking
Dok 24/10450 7 Vedtak: Søknad om nydyrking gbnr 64/5 Arvid Løne
Dok 24/10450 6 Kulturminnefagleg fråsegn til forenkla høyring - nydyrking - gnr. 64 bnr. 5 - Voss herad
Dok 24/10450 5 Forenkla høyring nydyrking av 3 daa, gbnr 64/5, Voss herad
Dok 24/10450 4 Søknad om nydyrking av areal gbnr 64/5
Dok 24/10450 3 Søknad
Dok 24/10450 2 Tilbakemelding: nydyring gbnr 66/15 - synfaring
Dok 24/10450 1 - Dyrking, Arvid Løne gnr/bnr 66/15
Dok 20/06618-6 Vedtak søknad om nydyrking på gbnr 66/15 Blikberg, 23.10. 2020
Dok 20/06618-1 Søknad om godkjenning av plan for nydyrking, 2.sept 2020

SAKA GJELD:

Føretaket Arvid Løne (971117435) driv gardsbruk med om lag 49 mjølkekyr og påsett 70-80 ungdyr og driv vel 420 daa fulldyrka areal og 71 daa innmarksbeite. Av dette er 30 daa fulldyrka areal som føretaket sjølv eig. Løne søkte i 2020 om eit større nydyrkingsprosjekt på gbnr 66/15, også dette leigd areal men i tilknytning til driftssenter, og fekk innvilga 25 dekar 23.10.2020. Dette er eit stort tiltak som har gått over mange år. I samband med gjennomføring av tiltaket vart det i 2024 avdekt at det var dyrka 3 daa på utsida av godkjenninga på gbnr 64/5. Søkjar vart pålagd å få dette godkjent. Prosjektet vart omsøkt og sakshandsama i etterkant av nydyrkinga vart gjennomført og etterpå godkjent.

Synfaring våren 2025 viste at det i nydyrkingstiltaket på gbnr 66/15 var tilført store overskotsmassar (antatt storleik 20-30 000 m³) som også var tilført tett inntil vassdraget og i strid med vilkår for nydyrking. Føretaket vedkjente seg feilen og utarbeidde ein plan m.a. med fagleg hjelpa frå NLR for tilbakeføring av tiltaket, slik at minimumsvilkår for vilkåra for nydyrking kunne verte oppfylde.

Voss herad sette vilkår for tilbakeføring (dok 24/10450-15) og sette m.a. krav om at

- All tilført mineraljord/massar tilført nærare enn 6 meter til vassdraget på gbnr 66/15 skal i sin heilskap fjernast (som vist på kart i saka) og vegetasjonssona langs elvekanten skal reetablerast med lokale buskar og tre.
- Ny fyllingsfot mot vassdraget skal erosjonssikrast med stein minimum 1 m og skjeringa skal ikkje vere brattare enn 1:5 såast til med stabiliserande vegetasjon t.d. strandrøyr.
- Dersom du vel ei avslutning av dyrkingsfeltet som er over 3 meter høgare terrenghøgde frå originalt terreng, krev dette søknad til Voss herad etter plan og bygningslova
- Ny plassering av massane som vert fjerna i tiltaket krev godkjenning frå heradet.

- Arbeidet skal vere gjennomført og areala tilsådd innan 20.august (2025) slik at ny vegetasjon kan etablere seg



Figur 1 Kartutsnitt frå synfæringsrapporten 27.mai

Figur 2 Oversikt over areal som var krevd tilbakeført. Arealet merka 1 vart tatt ut av tiltaket då dette er gjort tidlegare i samband med uttak av skog.

Pga. av mykje nedbør vart krav om ferdigstilling av arealet seinare sett til 10.juni 2026.

På synfaring mai 2026 vart det meste av arbeidet som var gjort, akseptert av Voss herad. Oppmåling av maksimal høgde 3 meter var gjennomført av Arvid Løne sjølv og Voss herad har ikkje gjennomført kontrollmåling av dette. Det vart imidlertid peika på at tiltaket på nabostykket gbnr 66/8, (raudt areal i figur 3 under) som ikkje var omsøkt eller ein del av godkjent prosjekt, no var tilført meir massar og avslutta på ein måte som ikkje kunne godkjennast.

Fyllingsfot for tilførte massar er plassert tett inntil flaumområde/våtmarksområde. I Kilden definert som «ferskvatn»




Figur 3 Figuren viser opprinneleg dyrkingsfelt 2020 (blå farge) og areal som gjeld saka (raud farge).

Areal på gbnr 66/8

Arealet på gbnr 66/8 som er tilført massar er registrert som open fastmark i gardskart. Jf. økonomisk kartverk og flybilde er arealet registrert som jorddekt impediment (1976) og har ikkje på noko tidspunkt vore klassifisert som innmark (pers med Kjetil Fadnes, NIBIO).

Arealet ligg som ein spiss ned mot Lønevatnet med potensielt vatn/ strandsone på to sider: I aust mot flaumelva gjennom Fagersanden og i nord mot våtmarksområde. I Kilden er tilgrensande areal mot nord gbnr 66/15, registrert som ferskvatn.



Figur 4 Rund sirkel markerer det aktuelle arealet.

Etter synfaring varsla Voss herad 27.5 2026 vedtak om krav om tilbakeføring av tiltaket på dette arealet. I varselet bad me om tilbakemelding om noko var feil framstilt, før me gjorde vedtak.

1.6.2026 mottok Voss herad klage frå Arvid Løne på dette varselet. Sidan det ikkje er høve til å klage på eit varsel, vurderer me innhaldet i skrevet som tilbakemelding på etterspurt informasjon til saka.

Føretaket skriv:

Bakgrunn og faktum at det er gitt løyve til 25 daa med oppfylling av 3 meter på naboeigedom gbnr 66/15 og at nemnde tiltak er eit lite areal i tilknytning til det store for å få jamn høgde. Tiltaket er tilsådd og skåningen er steinsett. Ein meiner arealet historisk har vore slåttemark og at dette er for å utbetre slåttemarka og oppretthalde drifta. Føretaket meiner at dette er den beste faglege løysinga og gjer at ein unngår nivåsprang mellom felt på gbnr 66/8 og 66/15 og slik oppnår miljø- og klimanytte gjennom effektiv drift. Det vil og bidra til tryggleik og skadeførebygging ved å fjerne kantar og bratte avslutningar.

Føretaket skriv og at det er snakk om under 1 daa og ca. 1,5 m oppfylling, og dermed vesentleg mindre enn godkjent oppfylling på 66/15. Ein meiner at eit pålegg om full tilbakeføring vil vere uforholdsmessig sett opp mot inngrepet sin storleik og det ein meiner vil gje driftsmessige og miljøfaglege gevinstar. Føretaket meiner det har vore i god tru då dei meiner dette historisk har vore slåttemark og deretter beite og at tiltaket vart gjort samstundes med gjennomføring på 66/15 for å oppnå heilskap.

Føretaket bed på bakgrunn av argumenta om ei forenkla handsaming/disp for arealet på gbnr 66/8 med argument om at arealet er lite og ikkje heva meir enn 1,5 meter, slik at tiltaket kan verte legalisert i etterkant. Ein stiller seg også til disposisjon for synfaring i området.

Oppsummering: Føretaket krev at varsel om tilbakeføring vert trekt, evt. vert godkjent i ettertid og at iverksetting ikkje vert gjennomført før etter endeleg avgjerd ved klage. Føretaket skriv også at ved varsel fra Voss herad 27.05.2026, (ref. 24/10450), er påstand om at overskotsmassar frå prosjektet på gbnr 66/15 er brukt til å fylle opp stykket på gbnr 66/8 feil. Massane som er fjerna frå gbnr 66/15 er ikkje nytta her. Føretaket meiner at gbnr 66/8 var allereie var fylt opp ved synfaring med heradet sommaren 2025. Føretaket fekk i 2025 pålegg om fjerning av massar på gbnr 66/15, men utan at gbnr 66/8 då var tema.

Billedokumentasjon frå søkjar:



Figur 5 Vedlagt bilde frå Arvid Løne som viser avslutning mot elva gjennom Fagersanden og Lønevatnet. Fyllingsfoten startar i vasskanten

Bilde frå mai 2025 og 2026, foto Voss herad figur 6 og 7.

Bilde frå mai 2025 (figur 6) syner at det er massar glidd ut på arealet på 66/8 men det er ikkje en tydeleg fyllingsfot her. Grensa for registrert våtmarksområdet er markert med gjerde. Bildet syner at slam frå prosjektet er avsett på dette området.

Bilde frå synfaring i mai 26 (figur 7). Fyllingsfot er plassert ved det gamle gjerdet som er synleg i botn. Heile arealet er heva mot det dyrka arealet og fyllingsfoten er i kant med gjerdet, som utgjer skiljet til våtmark. Orange strek i bildet viser at tiltaket har medført ein ny kant mot det frå før fulldyrka arealet på gbnr 66/8.



Figur 6 Bilde frå synfaring mai 2025, syner at det er glidd ut massar inntil våtmarksområde mot nord. Toppen av gjerdestolpane er synlege i grensa. I pollen bak er det fylt opp med slam frå massane.



Figur 7 Bilde frå synfaring mai 2026. Fyllingsfoten er plassert inntil gjerdet mot 66/15. Løne anslår fyllingshøgd til om lag 1,5 meter. Voss herad har ikkje gjort egne målingar, men finn 1,5 m som eit konservativt anslag.

Regelverk

Tilføring av jordmassar er styrt av Forskrift om begrenning av forurensing; kap 4.

§ 4-4

Det er søknadsplikt for anlegg av planeringsfelt.

Før planlegging av planering igangsettes skal det sendes forenklet søknad til kommunen. Den forenklete søknaden skal inneholde kart som viser hvilke områder som vil bli berørt av planeringen. Viktige natur/terrenginngrep, bekkelukkinger mv. skal avmerkes på kartet. Kommunen avgjør på bakgrunn av den forenklete søknaden om planeringen krever tillatelse etter dette kapitlet, jf. tredje ledd.

Planering er ikke tillatt uten plan godkjent av kommunen. Kommunen kan om nødvendig stanse arbeider i forbindelse med planering dersom det ikke foreligger slik plan

Forskrift om nydyrking § 4

Nydyrking kan bare skje etter plan godkjent av kommunen.

Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) § 11 Kantvegetasjon.

VÅR VURDERING

Føretaket Arvid Løne driv mjølk og kjøtt produksjon på driftssenter gbnr 66/11 og har dei seinare åra bygd ut til 50 mjølkekyr og stor kjøttproduksjon. Til garden høyrer 31 daa fulldyrka areal, øvrig areal er leigd areal, mykje i tilknytning til driftssenteret. Føretaket har slik eit legitimt behov for å sikre produksjonsgrunnlaget på eininga. Føretaket fekk i 2020 godkjent eit større nydyrkingsprosjekt på leigeareal på gbnr 66/15. Dette leigearealet ligg i direkte tilknytning til driftssenteret, og bidreg til å sikre driftsmessige gode løysingar jf. § 1 i forskrift om nydyrking. Totalt er det no dyrka opp om lag 25 daa på gbnr 66/15.

Jf. nydyrkingsforskrifta § 4 skal nydyrking berre skje etter godkjent plan av kommunen. I 2024 vart Voss herad merksam på at føretaket hadde dyrka utanfor godkjent areal, og 2,5 daa inn på naboeigedom gbnr 64/5. Føretaket fekk då pålegg om å sende søknad slik at forholdet kom i orden. Tiltaket vart i ettertid godkjent av heradet. Føretaket er slik godt kjent med søknadsplikt for nydyrkingstiltak og krav til aktsemd ved nydyrking. Jf. nydyrkingsforskrifta § 4.

Voss herad mottok bekymringsvarsel for gjennomføring av nydyrkinga, 23.mai 2025, og var på synfaring i feltet 28.mai 2025. Det var då fylt ut fyllingsfot inntil vasstrengen i flaumbekken gjennom Fagersanden. Føretaket opplyste at det var av den oppfatning at avstand til vassdrag gjaldt der det dyrka arealet starta, og ikkje kvar masseplasseringa starta. Regelverket vart klargjort på dette punktet; føretaket har også tidlegare deltatt på kurs i massehandtering og i arbeidet med tilbakeføring er regelverket drøfta og føretaket har gitt klart uttrykk for å ha oppfatta dette. Føretaket har i prosessen vore aktiv i å finne løysingar for tilbakeføring av ulovleg plasserte massar, og finne tiltak for å rette opp dette forholdet. Det er m.a. leigd inn kompetanse frå Norsk Landbruksrådgjeving for å lage ein plan for oppretting. Føretaket er slik godt kjend med nydyrkingsforskrifta og t.d. minste avstandskrav til vassdrag. På synfaring mai 2026 var sakshandsamar difor overraska over at arealet på gbnr 66/8 no var avslutta på same måten mot vassdrag som på arealet som det var sett krav om oppretting for, og sende varsel med heimel i nydyrkingsforskrifta og forureiningsforskrifta kap. 4 om tilbakeføring av heile arealet.

Føretaket har gitt eit svar på dette og meiner tiltaket utført på gbnr 66/8 gjev heilskap og beste faglege løysing. Dei meiner arealet er lite samanlikna med det som allereie er godkjent. Løysinga vil gje miljø og klimanytte gjennom effektiv drift av heile arealet. Ikkje medføre knekkpunkt, vendingar, mindre bruk

av drivstoff og minder jordpakking. Mindre overflateavrenning. Løysninga som er vald er viktig for sikkerheit og skadeførebygging. Og argumenterer med at tiltaket er gjennomført og tilsådd.

Status for arealet som er tilført massar:

Arealet som det er gitt varsel om tilbakeføring for på gbnr 68/8 er i dag ikkje registrert som innmark i AR5, gardskart eller Kilden, men som open fastmark og ligg i tilknytning til vatn og flaumsone. Arealet utgjer ein trekant der to sider delvis er direkte knytt vassdrag: Eit våtmarksområde mot nord, merka som ferskvatn i kartet og til bekken gjennom Fagersanden og mot Lønevatnet, som er ein del av det verna Vossavassdraget. Jf. bildedokumentasjon (figur 5) frå grunneigar er fyllingsfoten lagt inntil vassdraget også mot bekken gjennom området og i munningen som Lønevatnet. I sitt svar viser føretaket til god tru og historisk bruk av arealet, og meiner dette er tidlegare slåttemark no beitemark. Vår vurdering er at om arealet hadde vore registrert som fulldyrka og i bruk som slåttemark, er det likevel ikkje høve til å tilføre massar i dette omfanget utan å søkje om løyve, nærleik til vassdrag er skjerpande for dette noko slamavsetningar i prosjektet understrekar. Tilføring av jordmassar i det omfang som det her er gjort vil og vere søknadspliktig på innmark etter ureiningsforskrifta Kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt. § 4-4. Søknad, noko som har vore tema i arbeidet med tilbakeføring. Føretaket er som omtala godt kjend med dette vilkåret og avstandskrav til vatn.

Føretaket skriv at det ikkje er nytta overskotsmassar frå det opphavelige prosjektet på gbnr 66/15 til å fylle opp areal på gbnr 66/8, men at arealet på gbnr 66/8 allereie var fylt opp då sakshandsamar var på synfaring første gong, sommaren 2025. Føretaket skriv også at heradet då ikkje kommenterte det oppfylte stykket på gbnr 66/8. Bildedokumentasjon frå synfaring i 2025 og 2026 viser at det er tilført massar til dette arealet på gbnr 66/8 etter synfaringa i 2025 og at det er gjort ei avslutning med fyllingsfot mot vassdraget, i strid med gjeldande regelverk. Kva tidspunkt dette er gjennomført, kvar massane kjem frå og at dei tidlegare ikkje er påpeika, vert ikkje vurdert som av betydning for handsaming av saka.

Ureining av våtmark

Bilde syner i tillegg at det har vore stor avrenning frå massane til våtmarksområdet som framstår som mykje påverka. Vossavassdraget er eit verna vassdrag og Voss herad har førebels ikkje avklara ein eventuell reaksjon på dette forholdet. Tilstanden til våtmarka vil vere påverka av nedbør og vasstanden i Lønevatnet.

Storleik på arealet, heilskap og beste faglege løysing.

Føretaket meiner tiltaket er lite og hevdar at heilskap og beste faglege løysing vil vere oppfylling av gbnr 66/8 og at dette er den mest naturlege og faglege rette måten å skape eit samanhengane dyrkingsfelt på tvers av gbnr 66/15 og gbnr 66/8 på. Ei delt flate med nivåsprang gjer brot i drifta, ulogiske arbeidsoperasjonar og hyppige vendingar. Det vert og argumentert med miljø og klimanytta gjennom effektiv drift og ei samdrift av heile arealet, mindre drivstoffbruk og jordpakking. Ein skriv vidare at dette vil fjerne farlege kantar og redusere risikoen for veltefare.

Sakshandsamar ser at arealet ikkje er særskilt stort, men utgjer eit uønska tiltak knytt til vassdrag. Ein eventuell søknad om dyrking/massemottak av dette feltet ville ikkje kunne godkjennast og ei ettergodkjenning av tiltaket vil difor ikkje vere aktuelt. Driftstekniske og miljømessige argument er soleis ikkje relevante, då flata det er snakk ikkje vil kunne nyttast som slåttemark. Å flytte avsluttinga av dyrkingsfeltet 15-20 meter mot nord/aust og avstå frå knapt 1 daa areal, vil ikkje medføre store ulemper for drift eller ha stor økonomisk betydning for føretaket. I planlegging av dyrkingsfeltet har føretaket vald å heve arealet slik det er gjort, noko som medfører bratte kantar som og kan gje veltefare. Ein legg til grunn at føretaket har tatt høgde for dette i sitt prosjekteringsarbeid og planlagd ei god linje for å handtera faren for dette. I plana låg ikkje gbnr 66/8 inne som ein føresetnad for tryggleik og me kan heller ikkje sjå at dette er gyldig i etterkant. I avslutninga mot fulldyrka areal mot

gbnr 66/8, (vist på figur 6 med oransje strek) er det oppretta ein ny kant mot den fulldyrka naboteigen som ikkje var tidlegare og som me ikkje kan sjå er naudsynt eller i tråd med omsyn til veltefare. At føretaket har sådd til og avslutta arealet, finn me er gjort på eigen risiko før avslutninga var godkjent.

Oppsummering

Vår vurdering er at storleiken på arealet, under 1 daa, er av mindre betydning, då tiltaket medfører vesentlege brot på regelverk for dyrking/ masseinntak i tilknytning til vassdrag som er vurdert som betydelege og med ureining av vassdrag som følge. I prosessen rundt dyrking av gbnr 66/15 og gbnr 64/5 i 2024 har føretaket vorte godt kjent med søknadsplikt og reglar som gjeld for dyrking og mottak av massar. Me kan derfor ikkje sjå at føretaket har gjennomført tiltaket i god tru, men med forsett.

Voss herad har målsetnad om god gjenbruk av overskotsmassar til utbetring av jordbruksjord, og det er gjennomført fleire store masseinntaksprosjekt med godt hell. Det er samtidig viktig at det vert etablert ein oppfatning hjå entreprenørar og føretak av at vilkåra for prosjekta skal følgast opp, slik at ein får faglege gode løysingar og unngår kjedelege og kostbare saker med oppretting i etterkant. Voss herad opprettheld på dette grunnlaget krav om tilbakeføring av arealet, men lempar noko på omfanget om at dette må gå i grensa mot registrert fulldyrka areal på gbnr 66/8. Om lag 230 m² vist på kart i figur 1 kan beholdast, øvrig areal skal tilbakeførast jf. markering i kart figur 1.

Me varslar også at tiltaket vil verte vurdert i samband med søknad om produksjonstilskot for 2026, jf. Forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot § 11 Avkorting ved regelverksbrudd.

Klagerett:

Jamfør forvaltningslova §§ 27-36 kan dette vedtaket påklagast. Eventuell klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast Voss herad seinast 3 veker etter at klagaren er gjort kjend med vedtaket. Nærare orientering kan ein få ved å kontakte Voss herad

Med venleg helsing

Kari Mostad
Tlf: 97997150

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til
Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 Leikanger